

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/1456-1

**Uttale frå fylkesrådet for eldre til utgreiingsrapporten
"Tannhelsetenesta - ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur"**

Ingen tilråding til saka. Uttalen vert skriven i møtet.

Vedlegg:

Uttale frå Pensjonistlaget i Selje og Stadt
Uttale frå Sogn og Fjordane pensjonistforbund

SAKSFRAMSTILLING

Høyringsbrevet for utgreiinga om ei framtidsretta tannhelseteneste er no sendt til kommunar og fagforeiningar, med frist for høyringssvar 18. mars.

Utgreiingsrapporten [«Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur»](#) syner korleis ein kan utvikle ein moderne og kvalitetsorientert tenestestruktur for tannhelsetenesta fram mot 2019. Målet med omstillingsarbeidet er å utvikle ein klinikk- og tenestestruktur som kan gje innbyggjarane i Sogn og Fjordane stabile, offentlege tannhelsetenester av høg fagleg kvalitet.

Fylkesrådet for eldre er oppmoda frå Sogn og Fjordane pensjonistforbund, om å sende inn uttale om utgreiingsrapporten.